

23. august 2018

## **Spørsmål nr. 2073 til skriftleg svar frå stortingsrepresentant Geir Pollestad**

Eg viser til brev datert 17. august 2018 med spørsmål til skriftleg svar frå stortingsrepresentant Geir Pollestad.

### **Spørsmål**

«Statsråden skryt ofte av at det er forenkla for næringslivet med 15 milliardar kroner sidan 2011. Kan statsråden leggja fram eit detaljert oversyn over korleis ein kjem fram til talet?»

Grunngjeving:

Seinast under Arendalsveka skrøyt statsråden av desse 15 milliardane kronene som skal vera forenkla for. Eg har ikkje møtt nokre bedrifter som har sett særleg mykje til desse pengane.

Det er ynskjeleg med eit detaljert oversyn over dei 15 milliardane kronene. Det er og ynskjeleg å få informasjon om kva metode som vert nytta for å rekna ut og særleg om det er tale om netto eller bruttotal. Er det gjort fråtrekk for forvanskingar for næringslivet.»

### **Svar**

Arbeidet med forenklingar for næringslivet gjeld mellom anna forenklingar i regelverka, meir effektive og samordna løysingar for rapportering, og det å leggje til rette for digital flyt av informasjon mellom styresmaktene og næringslivet. I perioden 2011–2017 er det oppnådd forenklingar for næringslivet verdsett til 16,97 mrd. 2017-kroner. I 2011-kroner utgjør dette i overkant av 15 mrd. kroner. Tala representerer årlege innsparingar. Mange av tiltaka har òg ein positiv effekt for forvaltninga og innbyggjarane, men denne effekten er ikkje prissett.

Det er viktig å unngå forvanskingar, med mindre andre omsyn veg tyngre. Døme på tiltak som har auka kostnadene for næringslivet i dei seinare åra, er nye reglar for kassaapparat og krav til personaljournal i særskilde bransjar. I stor grad har dette vore tiltak mot økonomisk kriminalitet. Etter ein kost-nytte-vurdering har departementet ikkje estimert kostnadstal for nye administrative bærer i perioden. Men så langt departementet har oversyn, er vurderinga at desse ikkje endrar bruttotalet i særleg grad. Eg meiner at å rapportere eit netttotal, det vil seie å rekne ut verdien av gjennomførte forenklingar med fråtrekk for forvanskingar, isolert sett er ynskjeleg. For perioden 2018–2021 vil eg vurdere å gjere det dersom nytta svarar til ressursbruken.

Metoden som er brukt ved utrekning av innsparingane, går normalt ut på å rekne på differansen i direkte administrative kostnader for næringslivet før og etter gjennomføringa av tiltaket. Ofte er det tale om spart tid og andre sparte kostnader ved til dømes ein rapporteringsplikt som er teken vekk eller gjort enklare. I reknestykket for slike tiltak inngår kor mykje spart tid eit middelverdiføretak realiserer per oppgåveplikt, ei gjennomsnittleg timeløn for det relevante arbeidet og populasjonen, det vil seie talet føretak som dette får følgjer for, eller det samla talet rapporteringar. Innsparinga for den einskilde er i desse tilfella ikkje i form av «pengar rett inn på bok», men derimot at ein får frigjeve ressursar til kjerneoppgåvene. For andre tiltak kan

innsparinga vere i form av at ein sparar kjøp av eksterne tenester. Viktige tiltak gjeld områda føretaksrett, bokføring og rekneskap. Dette er område der føretaka ofte nyttar profesjonelle hjelparar som rekneskapsførar, revisor eller advokat.

Nokre tiltak har ein annan karakter som fell i to kategoriar. Til dels er det tale om å redusere bindinga av likviditet for næringslivet, til dømes slik den tidlegare betalinga av meirverdiavgift (mva.) ved import påførte næringslivet meirkostnader ved betaling av avgift utanom ordinær mva.-oppgåve. Og til dels er det tale om å redusere overprisa statlege gebyr som næringslivet betaler. Gebyr skil seg frå skattar og avgifter ved at dei er direkte betaling for bruk av tenester som det offentlege tilbyr. Etter gjeldande retningsliner skal ein ikkje setje statlege gebyr høgare enn kostnaden for tenesta. Denne type innsparingar inngår i totalkalkylen.

Tabellen nedanfor viser dei estimerte tiltaka. Alle tal er i millionar kroner og baserer seg på effekten av tiltaket i 2017. Det er om lag 70 gjennomførte tiltak som departementet ikkje har prioritert å utarbeide kalkylar for. For mange av desse har gjennomføringa utan tvil ført til innsparingar for næringslivet. I mange tilfelle ville kalkulering ha kravd mykje ressursar, for andre er det meir opplagt at innsparingane er relativt små. Departementet har difor nøkternt sett innsparinga til 350 mill. kroner årleg for desse tiltaka under eitt.

For detaljert informasjon om dei einskilde tiltaka (omtale, dato og kjelde for framlegg og vedtak, aktuelt regelverk mv.), og for nærare informasjon om metodebruk, viser eg til rapporten *Forenklingsarbeidet for næringslivet 2011–2017*, som ligg på departementet si heimeside. Alle ikkje-estimerte tiltak, som ikkje er rapportert i tabellen nedanfor, er omtalt i rapporten.

*Tabell: Oversyn over tiltak og estimert årleg innsparing for næringslivet (mill. kroner)*

<b>Nr. Tiltak</b>	<b>Årleg innsparing</b>
1 Bortfall av plikt til revisjon for små og mellomstore føretak	3 693
2 Aksjelova – redusert krav til minste aksjekapital	134
3 Bokføringslova – endring av kravet til spesifikasjon	124
4 Elektronisk faktura i staten	202
5 Aksjelova – bortfall av krav om opningsbalanse ved kontantinnskot	83
6 Aksjelova – enklare reglar for sakshandsaming og organisering	610
7 Bokføring – forenklingar frå Bokføringsstandardstyret	205
8 Enklare oppfølging av sjukmelde	104
9 Kravet om originalvedlegg til reiserekningar oppheva	1 200
10 Reduserte krav til omsetjing av patentar	42
11 Elektronisk faktura i kommunane	148
12 Opprydding i diettsatsane for reiser innanlands	200
13 Tid for pliktig forvaring av rekneskapsmateriale halvert	440
14 Reduserte gebyr i Brønnøysundregistra	213
15 Meirverdiavgift ved innførsel	577
16 Kvartalsrapportering for børsnoterte føretak oppheva	69
17 Forenklingar i plandelen i plan- og bygningslova	100
18 Auka bruk av elektronisk kommunikasjon ved inndrivning av gjeld	772
19 Vidareutvikling av e-tinglysing for lausøre	50

20	Aksjelova – teknologinøytrale meldingar til aksjeeigarar	50
21	Aksjelova – elektronisk signatur	9
22	Aksjelova – elektronisk generalforsamling	1 080
23	Aksjelova – fråvalg av revisjon for morselskap	570
24	Aksjelova – teknologinøytral selskapsdokumentasjon	90
25	Forenkling i byggjesaksdelen i plan- og bygningslova	105
26	Rekneskapslova – redusert krav til utarbeiding av opningsbalanse	233
27	Offentlege innkjøp – elektronisk levering av tilbod	564
28	Rekneskapslova – avgrensa rekneskapsplikt for visse typar føretak	43
29	Rekneskapslova – små føretak slepp å utarbeida årsmelding	735
30	Bokføring av samlepostar i kunde- og leverandørspefifikasjon	130
31	Elektronisk melding om sjukefråver	13
32	Elektronisk kontoutskrift for tollkreditt og gebyrendring	170
33	Digitalisert etablering av føretak i Føretaksregisteret og Altinn	255
34	Digital konkurshandsaming	33
35	Innføring av elektronisk resept	519
36	Fulldigitalisert Samordna registermelding	445
37	Elektronisk skattekort	75
38	Digitalt svar frå Einings- og Føretaksregisteret innan ein time	80
39	A-ordninga – elektronisk dialog med arbeidsgjevar	341
40	Digitalisering av statlege skjema	864
41	Elektronisk stifting av aksjeselskap	21
42	Forenkla skattemelding for næringsdrivande	120
43	Statistisk sentralbyrå – redusert oppgåvebør for næringslivet	26
44	Nytt system for elektronisk tinglysing	264
45	Fellesteneste for byggjesaker i Altinn	150
46	Samtykkebasert lånesøknad	669
	Overslag på effekten av om lag 70 ikkje-kalkulerte tiltak	350
	<b>Sum</b>	<b>16 970</b>